



## Delprosjekt Kulturbygging og verdjar

**Møtestad:** Harøy skule, Sandøy kommune

**Dato og tid:** 04.04.2018 kl.12.00-16.30

**Møteleiar:** Tore Johan Øvstebø

**Deltakarar:** Tore Johan Øvstebø, Hildegard Mayer, Tone Gandrudbakken, Hilde Sjørdal, Lindis dalebø, Lars Marius Rindal, Malin Piegsa (referent)

### REFERAT

- 1. Godkjenning av referat, innkalling og sakliste**
- 2. Presentasjon av materialpakke til verdiprosessen**

Materialpakke blir utarbeida til den skal brukast ute i verksemdane (sumar 2018). Verdigruppa har laga 4 debattkort med tilsette som målgruppe. Blinkar vil bli printa ut og presentasjon ferdigstilt.

Verksemda får frist til 1.september å gjennomføre verdiblinkar og sende inn tre forslag. I løpet av september /oktober skal forslag til verdjar vere formulert i ei sak, som først presenterast prosjektleiinga og så gå til fellesnemndmøte i oktober/november.

- 3. Møte med prosjektleiar 3.april.**

Prosjektleiar ber oss om å ikkje prioritere kulturbygging blant innbyggjarar, men fokusere på organisasjonskultur i nye Ålesund.

Rapport om kultur bør vere kortfatta men peike på verdjar, kjenneteikn og arbeidsformer som bygger opp under god kultur i organisasjon (også mellom administrasjon og politikk).

Delprosjektet kan gjerne føreslå leiarverdjar og tiltak til leiarutvikling, men ansvar for leiarutvikling vil prosjektleiinga ha.

- 4. Presentasjon av gjeldande etiske retningslinjer i dei fem kommunane og forslag til prosess for å etablere felles etiske retningslinjer.**

Ein vil sette ned ei arbeidsgruppe (Lars, Lindis, Tone og Malin) som får følgjande mandat:

- utarbeide eit utkast til etiske retningslinjer som er likt for politikar, leiarar og tilsette. Utkastet presenterast i skype-møte med delprosjektet 2.mai.
- Retningslinjene skal vere førebyggjande (stimulere til etisk refleksjon) og vise grenser / vere retningsgivande (t.d ved oppfølging av ).
- Retningslinje skal også vere tilgjengelege for brukarar og revisjon mfl.
- Komme med forslag til implementering av de etiske retningslinjer (6.juni, Syse; "Etikk på alvor", film, nytilsettkurs, anna?).

#### 5. Anna:

- Møter framover blir i hovudsak på skype. Neste møte er 26.april / 3.mai kl.12-14.
- Avklaring arbeidsgrupper: No vidarefører vi verdigruppa og gruppe for etiske retningslinjer. Dei andre gruppene kan kvile ☒
- Status – tilbakemelding til prosjektleiar innan 1.mai. Malin legger inn malen til rapport i prosjektportalen slik at alle kan gå inn og sjå, legge til, endre...
- Rapport om kulturen vi ønskjer i nye Ålesund. Dette tek vi vidare i neste møte.
- Gjennomføring av verdiblink i kommunestyremøter 26.april /3.mai. Tore Johan avklare med rådmennene kor tid det kan bli gjennomført.
  - Verdigruppa sender blink, manual, verdidebattkort, presentasjon til den i kvar kommune som har ansvar.
  - Sandøy: Hildegard
  - Ålesund: Tore Johan og Ingvild (?)
  - Skodje: Dag Olav og Malin
  - Haram: ?
  - Ørskog: ?
- Leiarsamling 6.juni? Dersom det blir ei leiarsamling før sommaren ønskjer vi å spee inn følgjande målsetting og innhald: Gjennomføre verdiblink og skape entusiasme for prosessen vidare på eiga arbeidsplass. Skape medvit om kulturbygging, verdiar og etikk, samt presentere utkast av etiske retningslinjer. Henrik Syse vil kunne delta med eit foredrag om etikk (60 min).